

Ny finansiering av kommunal vegdrift.

Norske kommunar brukar omlag 1-3 % av årsbudsjettet på vegdrift. At kommunen må halde veg til eigne føretak som barnehagar, skular, sjukeheimar etc. er opplagt. Men dei fleste kommunar sit med vedlikehaldsansvar for langt fleire vegar enn dette, som vegar i regulerte byggefelt og vegar ute i grendene. Klassifiseringa av vegen som kommunal eller privat kan i mange tilfelle karakteriserast som tilfeldig. For den enkelte oppsitjar har det derimot store økonomiske konsekvensar om vegen er kommunal eller privat. Endringar som kan sikre større rettferd/likebehandling synest likevel vanskeleg å få til under dagens system.

Alternativet må derfor vere å arbeide for at det blir innført ei årsavgift for eigedomar knytt til kommunal veg. Det vil vere samanliknbart med avgift for vatn, avløp og renovasjon. (Ventar nokon i dag å få VAR-tenestene gratis der kommunen har lagt ledningsnett til tomte?) Det er derfor ein heimel i lovverket for å kunne krevje inn ei slik avgift som må på plass.

Eg har stilt spørsmål til kommunaldep./Samferdseldep. om eit slikt tema har vore drøfta, men ikkje fått svar som kjem saka ved.

Når ein kommune slit med å finansiere lovpålagte oppgåver, må det vere feil å prioritere bruken av frie midlar til vegvedlikehald som bare kjem tilfeldige delar av folket til gode. Her må kommunen få lov til å finansiere tenesta med avgift, opp til sjølvkost, slik VAR-tenestene blir finansierte. Om kommunen likevel vel ikkje å ta inn full kostnadsdekking frå oppsitjarane, bør ein tilsvarande subsidiedel kunne kome private vegar til gode ved tilskot. Ei slik ordning vil gje rettferd, og truleg også føre til færre kommunale vegmeter. Kan politikarane arbeide for ei slik løysing?